

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Småkraft AS – Søknad om bygging av Kaldeelva kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 17.12.2015, til konsesjonssøknaden m/vedlegg, og til NVE sitt folkemøte om denne og 6 andre saker i Hyen 02.02.2016. Høyringsfråsegna vår er basert på søknaden m/vedlegg, info henta via nettet, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.sftur.no/) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal v/siste årsskifte: 6.437. Kaldeelva kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://mnt.dnt.no/> Flora Turlag, sjå: <https://flora.dnt.no/>, som er eigar av turlagshyttene Gjegnabu nordaust og Blåbrebu vestnordvest for utbyggingsområdet, har også aktivitet i området.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Ålfotbreen landskapsvernområde er eit nasjonalt viktig friluftsområde som er mykje brukt. Bruksomfanget er (sjølv sagt) ulikt for dei ulike delane av verneområdet, alt etter kor lett tilgjengeleg det er og kor krevjande det er å ferdast i dei ulike delane av verneområdet.

«Inngangsportane» til dette viktige friluftsområdet er få, og dermed vert kvar av dei desto viktigare. På sørsida av breen er det 3 hovudinngangsportar:

1. **I sørvest:** Der er hovudinngangsporten Grøndalen inst i Norddalsfjorden med den merka ruta nordover til Blåbrebu som den mest brukte. Ruta austover til Svartedalen og eventuelt vidare til Trongedalen og enten til toppen av breen eller til Straumsbotnen, er også viktig. Det går også ei rute frå Sunndalen (like sør for Grøndalen) og opp på Lassenipa og til Nipevatna.
2. **I den midtre delen mot sør:** Her er hovudinngangsporten Straumsbotnen, enten på sti langs vestsida av Skilbreivatnet eller med båt/kano/kajakk over vatnet. Særleg med båt får ein her enkel tilgang til verneområdet. Frå Straumsbotnen er det turruter vidare vestover til Grøndalen i Flora og nordover via Kvannbotnen til Kvannbotnfjellet og andre høgtliggende delar av verneområdet. Ei anna rute til litt lenger aust i den midtre delen av verneområdet startar med å krysse utløpselva frå Skilbreivatnet på ei bru nær Breistøylen og så i nordnordvestleg retning opp på Heifjellet og vidare nordover.
3. **I søraust:** Der er hovudinngangsporten Skordalen nord for vestenden av Hopsvatnet. Eit kort stykke oppe i dalen tek ein av på ein skogsveg som slyngar seg oppover i nordvestleg retning før ein går over på merka sti via Lavesteinen til Gjegnabu. Det er også alternative, enda meir krevjande ruter: Ei som går inn i Skordalsbotnen og bratt opp til Gjegnabu derifrå, og ei som frå den nedre delen av Skordalen, går opp på fjellryggen på austsida av dalen.

Om kvalitetane Skilbreivatnet og området rundt (inklusive Kaldeelva, Straumsbotnen og Heifjellet) har **som friluftsområde: Landskapskvalitetane** i dette området er store. Sjølv sett frå fylkesveg 615 vert landskapsopplevinga uvanleg stor når landskapet opnar seg innover Skilbreivatnet og vidare

mot Straumsbotnen og Ålfotbreen. Dette er ein av få stadar der ein kan sjå Ålfotbreen frå offentleg veg. Brukar ein båt innover vatnet, eller om ein går på stien langs vatnet, vert landskapsopplevinga enda større dess lenger innover ein kjem. Når ein kjem forbi vatnet og inn i Straumsbotnen, skiftar opplevinga karakter – då er ein verkeleg i «villmarka» - men opplevinga blir ikkje noko mindre av den grunn, heller tvert imot. **Landskapet har stor verdi** både for friluftsliv og for turistar og andre som ferdast på vegen. Vi håpar at vêret under sluttsynfaringa vert så bra at NVE sine folk då verkeleg kan få oppleve dette landskapet på ein god måte!

Fisk og fiske: Skilbreivatnet er eit uvanleg godt fiskevatn med høg kvalitet på fisken, som er aure. Blank og fin fisk som er raud i kjøtet. Ein kan få stor fisk i vatnet. (Eitt – fleire kilo.) Mange samanliknar kvaliteten på fisken i Skilbreivatnet med fisken i det nasjonalt kjende Jølstravatnet. Sjå denne nettsida som dokumenterer fiskekvalitet og storleik:

http://www.sfn.no/?option=com_k2&view=item&id=1479:skilbreivatnet

Roing og padling: Vatnet er veleigna for bruk av både robåt, kajakk og kano. Dette både i samband med landskapsoppleving, fiske, og kombinert med fotturar, særleg frå Straumsbotnen.

Jakt: Hyen er kjent som eitt av landets beste område for hjortejakt, og Straumsbotnenområdet er eitt av dei beste jaktområda i Hyen.

Om bruken av området til friluftsliv: For **turgåing til fots** er området ein heil del brukt, men med den høge kvaliteten området har, spesielt når det gjeld landskap, naturoppleving og «villmarks-kjensle», hadde området fortent enda større bruk. Turruta mellom Grøndalen og Straumsbotnen og vidare enten i båt over, eller til fots langs sørvestsida av Skilbreivatnet til fylkesveg 615, har vore kjend og brukt i mange, mange år. Eg veit at 2 av underskrivne sakshandsamar sine onklar var med i ei gruppe frå/ved Florø som gjekk frå Grøndalen til Straumsbotnen/Hyen på slutten av 1930-talet, så ruta må ha vore godt kjend alt den gongen. Sjølv gjekk eg turen motsett veg saman med ein kamerat på slutten av 1960-åra. (Vi fekk ordna båtskyss over Skilbreivatnet.) Turen var ein av få frå den tida som gjorde så sterkt inntrykk at eg hugsar den framleis, nesten 40 år etterpå.

Folk i Flora Turlag har gått turen, og Flora Turlag sette opp fellesturar frå Straumsbotnen til Grøndalen både 04.08.2013 og 10.08.2014 (kjelde: Turprogramma), men begge gongane måtte turane dessverre avlysast grunna altfor dårleg vêr, har vi fått opplyst. I tillegg veit vi at folk både frå Hyen og Grøndalen har gått turen ein del gonger, men vi veit ikkje noko om kor ofte. Vi har også kjennskap til ein tur frå Grøndalen via Nipevatna til Kaldevatnet og ned til Skilbreivatnet langs Kaldeelva, men denne ruta er truleg lite brukt.

Dei fleste turane i området går nok langs Skilbreivatnet, eller i båt over, og eit stykke innover i Straumsbotnen. Ruta frå Straumsbotnen, opp i Kvannbotnen og vidare til Kvannbotnfjellet er ei gamal og kjend rute, men den vart nok meir brukt tidleg på 1970-talet enn i dag. På ein lang dag kan ein langs denne ruta gå vidare til Åskora i Ålfoten. Men i dag er det nok nesten berre hjort som kryssar Ålfotbreen mellom Straumsbotnen og Ålfoten. Dei gjer det til gjengjeld ofte. (Eg har sett spora etter dei oppe på breen!)

Ruta opp på Heifjellet, og eventuelt vidare nordover til Gråfjellet/Gjegnabu, vert ein del brukt både av folk i Hyen og av mellom andre folk i Flora Turlag. (Underskrivne sakshandsamar hadde ein fantastisk tur der i september 1996.) Turlagsmedlemene har mellom anna brukt dette som ei alternativ rute til Gjegnabu. Så vidt vi kjenner til, har grunneigarane bygd ei lita hytte ein stad i Heifjellområdet ein gong etter år 2000. På ruta til Heifjellet har ein mellom anna utsikt rett mot Kaldeelva, som derifrå, og frå turar langs og på Skilbreivatnet, er eit viktig landskapselement.

I samband med turar til fots, og truleg enda oftare i samband med turar med båt, kajakk eller kano, er det vanleg med overnatting i telt i nærleiken av Skilbreivatnet, eventuelt eit stykke oppe i dalen i Straumsbotnen. På slike overnattingsturar er naturopplevinga i det flotte, urørte landskapet svært viktig, gjerne i kombinasjon med fiske i vatnet og/eller i innløpselvane til dette.

Fiske: Skilbreivatnet, med tilhøyrande elvar, vert mykje brukt til fiske både av folk lokalt i Hyen, av folk som har hytte i området, og av tilreisande. Det vert fiska både frå land og frå båt, og den høge kvaliteten på fisken gjer dette til ein attraktiv stad å fiske. Det er fiskekortordning i vatnet.

Utlaupsosen for Kaldeelva og nærområdet til denne, er kjend som ein glimrande fiskeplass. Sjå bloggen som linken nedanfor viser til. Den fortel om ein aure på 710 gram (og 2 mindre fiskar) tekne under stangfiske frå land nær ved utløpet av Kaldeelva:

http://naturglede.blogg.no/1451473504_30122015.html

Og her er eit blogginnlegg om isfiske på Skilbreivatnet:

http://naturglede.blogg.no/1455289250_isfiske_p_skilbreivat.html

Roing og padling: Skilbreivatnet vert mykje brukt til roing og padling både i samband med fiske, naturoppleving på vatnet, og i kombinasjon med turgåing og overnatting i naturen. Mellom brukarane av Skilbreivatnet er Gloppen padleklubb. Sjå denne linken, der det er foto frå ein slik tur:

http://www.padleklubb.no/2014_07_01_archive.html

Her er eit blogginnlegg som fortel om ein annan padletur på Skilbreivatnet:

http://vaarsog.blogspot.no/2011_08_01_archive.html

Jakt: Denne bruken reknar vi med at grunneigaren skriv om. Men vi veit at området er svært attraktivt for hjortejakt.

Naturbasert reiseliv: Området vert også brukt i slik samanheng, og då på ein måte som ikkje skadar naturverdiane i området. Friluftsliv er ein viktig del av tilbodet. Vi kjenner ikkje omfanget av slik bruk, men veit at det er hytte-, båt- og kanoutleige ved/i Skilbreivatnet, sjå denne linken:

<http://hyennaturogfriluft.no/tilbod/hytte/>

Dessutan veit vi at Hope Grunneigarlag v/Ottar Hope driv med sal av fiskekort og utleige av båtar på Skilbreivatnet.

Området har også stort potensiale for kommersiell jaktutleige/jaktguiding. I Skjerdalen, ikkje så langt unna, er inntektene frå slik janktutleige/jaktguiding ganske betydelege, etter det vi kjenner til.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata Kaldeelva kraftverk: Ei slukevne på maksimum 226% og minimum 13% vitnar om ei hard vassutnytting, ein heil del hardare enn det som er vanleg. Bortsett frå i store flaumar, vert det lite vatn att i elva.

I oversynet i 2.1 er 5-persentil sommar oppgitt til 85 l/s, og 5-persentil vinter 45 l/s. På side 2 («SAMMENDRAG») i Multiconsult si Miljøvurdering er 5-persentil sommar oppgitt til 194 l/s og 5-persentil vinter 24 l/s. Avviket mellom tala i Miljøvurderinga og tala i punkt 2.1 i konsesjonssøknaden er stort! **Vi ber NVE om å vurdere nærare kva som er dei korrekte tala.** Ut frå det som står under Hydrologi og tilsig i Punkt 2.2, verkar det som om alle dei utrekna vassføringstala for Kaldeelva er svært usikre. NVE har kompetansen som trengst for å vurdere dette.

I punkt 2.1 på side 5 i konsesjonssøknaden er utbyggingskostnaden oppgitt til 50,0 mill. kr., kr. 3,29 pr. kWh. På side 10 og 11, i punkt 2.3 og 2.4 i den same søknaden, er dei desse tala oppgitt til å vere 54,5 mill. kr. og kr. 3,6 pr. kWh. Desse tala er utan anleggsbidrag til linjeeigaren. Slike sprikande tal verkar lite tillitvekkande, og **vi ber NVE krevje at utbyggaren klargjer kva som er dei korrekte tala.** Vi ber også NVE om å krevje opplysningar om storleiken på anleggsbidraget til linjeeigaren. Mest sannsynleg vil dette bli ganske betydeleg.

2.2 Teknisk plan – Dam og inntak: Vi har ikkje spesielle merknadar til det som står om utforminga av dam og inntak. Men vi vil peike på at inntaket er lagt i «sårbart høgfjellsterreng», sjå Figur 16 på side 24 i Miljørapporten, og OED sine «Retningslinjer for små vannkraftverk», og nær inntil grensa for det nesten nyoppretta Ålfotbreen landskapsområde. Begge deler er negativt.

2.2 Teknisk plan – Vassveg: Det er positivt at størstedelen av vassvegen går i tunnel, det gjer at den delen av vassvegen ikkje vert synleg. Men det er negativt med dei store steinmassane som må takast ut. Det er lite plass langs stranda mellom vatnet og det bratte fjellet, og dei samla inngrepa i strandsona vert store. Altfor store etter vårt syn!

2.2 Teknisk plan – Kraftstasjonen: Kombinasjonen av kraftstasjonen, røyrgatetraseen ned til denne, massedeponiet og bilvegen fram, vil i sum gje **store** inngrep i strandsona i den smale nordlege delen av Skilbreivatnet. (Nordvestover frå Storeneset.) Dette er den delen av Skilbreivatnet som i dag framstår som aller mest urørt, og der landskapsopplevinga er aller størst når ein ferdast på vatnet. Det er svært negativt med så store samla inngrep i dette området. **Og kva med støy?** I dette frå før heilt urørte området, er det all grunn til å tru at sjølv relativt svak støy frå kraftstasjonen vil opplevast som eit stort framandelement, og dermed eit problem.

2.2 Teknisk plan – Vegbygging: 2,4 km ny bilveg er mykje i eit område som frå før er så å seie urørt. Og det blir ikkje betre av at inngrepa blir ekstra store på den ca. halvdelen av vegen som går lengst inn i det urørte området, d.v.s. på dei sidebratte strekningane nord for Skilbreia/Tyskeneset. Vegen vil bli så synleg at den vil bli svært negativ for den flotte landskapsopplevinga ein i dag får når ein frå Fylkesveg 615 ser innover mot Straumsbotnen og Ålfotbreen. Det blir ille!

Det er nemnt av vegen må justerast for å sikre at den ikkje kjem i konflikt med kulturminne. Vi håpar/går ut frå at det er mogeleg å legge vegen slik at den ikkje direkte øydelegg kulturminne. Dette under føresetnad av at plasseringa av kulturminna er godt nok kartlagd. Men uansett vil vegen vere i stor konflikt med dei aktuelle kulturminna, fordi vegen vil føre til store terrenginngrep i nærområdet til dei aktuelle kulturminna. Både for landskap og kulturminne vert veginngrepa etter vårt syn heilt uakseptabelt store og konfliktfylte!

2.2 Teknisk plan – Kraftlinjer: Ei nedgraven kraftlinje i vegskuldra og i grøft vidare oppover til eksisterande 22 kV-linje reknar vi ikkje som spesielt problematisk. Det er sjølv vegen som er problemet. Den nødvendige linjeforsterkinga som må gjennomførast, kan verte problematisk, spesielt viss det – av omsyn til leveringstryggleiken til Hyen – må byggast ei heilt ny linje ved sida av den eksisterande. Dette fordi den eksisterande linja må vere i drift, og ikkje kan rivast, før den nye er klar. Men detaljar om forsterkingsplanane kjenner vi ikkje, så dette veit vi ikkje noko sikkert om.

2.2 Teknisk plan – Massetak og deponi: Som vi alt har nemnt, vil det store deponiet nær ved kraftstasjonen, verte svært negativt, og gjere dei samla inngrepa i kraftstasjonsområdet heilt uakseptabelt store. Viss kraftverket skulle bli bygd utan veg fram til kraftstasjonen, slik det vart nemnt som eit alternativ under folkemøtet i Hyen 02.02.2016, vil steindeponiet bli enda større, og det vil kome ei kai i tillegg. Då vil dei samla inngrepa i kraftstasjonsområdet verte enda større og meir uakseptable!

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket – Prospektøkonomi: Med kombinasjonen av dei låge straumprisane ein må vente å få i mange år framover, den høge utbyggingskostnaden når ein inkluderer anleggsbidrag til kraftlinja, og innhaldet i den avtalen Småkraft AS har med den lokale deltakaren, reknar vi det som svært lite sannsynleg at *«Kraftverket vil gi en viktig inntekt til lokale deltakere og dermed kommunen gjennom skatteinntekter.»* **Vi ber NVE om å vurdere å krevje at Småkraft AS (med kopi til grunneigaren) dokumenterer denne påstanden på ein skikkeleg og kontrollerbar måte!**

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket – Ulemper: I ulempene må også inkluderast mellom anna dei negative følgjene utbygginga vil få for friluftsliv og til ei viss grad for fisk og fiske, og ulempene som følge av stort INON-bortfall både inne i og utanfor Ålfotbreen landskapsvernområde.

2.5 Eigedomsforhold: For gnr. 28, bnr. 1 er det oppgitt ein eigar i dette punktet, og ein annan eigar i Vedlegg 6. Kva med litt kvalitetssikring av innhaldet i konsesjonssøknaden?

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.4 Raudlisteartar og 3.5 Terrestrisk miljø: Vi konstaterer at det er ein del konflikhtar med raudlisteartar, og at det også er andre konflikhtar i området. Vi ser også at kunnskapsgrunnlaget er dårlegare enn ønskjeleg. Det kan sjå ut som områda nær ved og tett inntil elva er for dårleg undersøkte, spesielt der det er/kan vere fossesprøytoner. Vi går ut frå at andre høyringsinstansar, og NVE, kan vurdere konfliktane og kvaliteten på kunnskapsgrunnlaget på ein mykje betre måte ein det vi kan. I den samanheng vert sjølvstøtt «føre var-prinsippet» brukt når ein skal vurdere trongen for eventuelle tilleggsutgreiingar.

3.6 Akvatisk miljø: Det vert opplyst at Kaldeelva har liten verdi for fisk. Vi er ikkje sikre på at dette stemmer heilt. Det er kjent at det er gode fiskeplassar i og nær utløpsosen i Skilbreivatnet. Dette indikerer at Kaldeelva er viktig for fisken sin næringstilgang.

3.7 Landskap: Vi er sterkt ueinige i den verdivurderinga av landskapet som er gjort i Multiconsult si Miljøvurdering. For oss ser det ut som det i Miljøvurderinga i all hovudsak berre er lagt vekt på landskapet nær ved Kaldeelva, og at det i altfor liten grad er lagt vekt på heilskapen i landskapet og verdien av det store landskapsrommet med mellom anna Skilbreivatnet, Straumsbotnen og (del av) Ålfotbreen som Kaldeelva er ein mindre del av.

Dei aller fleste som opplever dette heilskaplege landskapsrommet, ser det frå Fylkesveg 615. Når utsikten over dette landskapet opnar seg, og vêret er eigna til å kunne sjå det på ein skikkeleg måte, vil vi hevde at dei aller, aller fleste vil oppleve at dette er eit landskap som skiller seg ut som eit heilt spesielt flott landskap. Heilskapen, med vatnet, med fjella med dei spesielle geologiske formasjonane rundt, med Straumsbotnen, og med breen med fossande elvar nedanfor, gjer dette landskapet til noko heilt spesielt. **Dette er ikkje eit vanleg B-landskap, dette er eit A-landskap!** I høg grad eit A-landskap, etter vår vurdering. **Det har stor verdi!** Det er slett ikkje tilfeldig at det er akkurat dette landskapet som er motivet på det store maleriet som heng på veggen i forsamlingslokalet der NVE hadde folkemøtet om kraftutbyggingane i Hyen den 2.februar 2016! Opplevinga av dette landskapsrommet vert enda større, når ein kjem med båt innover vatnet. Då vert også ein større del av Kaldeelva synleg, og er med på å forsterke landskapsopplevinga.

Om konfliktnivået: Sett frå Fylkesveg 615 er det først og fremst den 2,4 km lange vegen i til dels sidebratt terreng, som er konfliktfylt. Vegen er eit stort inngrep! Konflikten vert forsterka av at ein frå dei beste utsiktsplassane vil sjå **ned** på vegen.

Når ein ror/padlar innover vatnet, og når ein går langs stranda, vert både vegen, den sterkt reduserte vassføringa i Kaldeelva, og kanskje aller mest dei store inngrepa i strandsona i kraftstasjonsområdet, konfliktfylte. **Vår vurdering er at konflikten med landskap vil verte Stor negativ, eller i alle fall Stor til Middels negativ.**

Tap av INON: Tap av INON er, etter det vi kan sjå, ikkje dokumentert i konsesjonssøknaden. Etter vårt syn er dette ein vesentleg mangel. Det som er klårt, er at INON-tapet vil bli stort, og at ein stor del av det vil kome inne i Ålfotbreen landskapsområde. Mellom anna gjeld dette det einaste området med det som tidlegare vart kalla «kvalifisert villmark». Det vil forsvinne heilt. Ikkje bra!

3.7 Kulturminne: Sjølv om vegen ikkje direkte skulle øydelegge nokre av kulturminna, så vil den likevel i stor grad kome til å dominere landskapet i nærområdet til kulturminna. Vår vurdering er at konflikten vert Middels negativ. Det kan heller ikkje utelukkast at enkelte kulturminne, som ein i dag ikkje kjenner den eksakte plasseringa av, kan verte heilt øydelagde av vegbygginga.

3.11 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette på side 1 – 3 i fråsegna. Når det i søknaden blir hevda at: «*Fritidsfisket vil heller ikke berøres av en ev. utbygging av Kaldeelva,*», så er vi ueinige i dette. Utløpsosen og nærområdet til denne er kjend som ein god fiskeplass. Det er all grunn til å tru at denne fiskeplassen vert negativt påverka av ei eventuell utbygging.

Ein konsekvens av utbygginga som vi ikkje har sett er omtala i konsesjonssøknaden (vi håpar vi ikkje har oversett noko), er **støy**. (Skal ikkje dette omtalast i konsesjonssøknader???) Sjølv om støydempinga av kraftstasjonen skulle bli god, så vil det alltid bli ein del støy som vil spreie seg utover vatnet. Den nordlege, smale delen av Skilbreivatnet, og nærområdet til vatnet, er område med «stille ferdsel og opphald», der det å lytte til naturen sine lydar, og ingenting anna, er ein vesentleg del av (na)turopplevinga. **Støyen frå eit eventuelt Kaldeelva kraftverk vil truleg verte eit stort negativt innslag i dette fantastiske naturområdet.**

Under NVE si sluttsynfaring av Hestenes kraftverk, 21.06.2010, fekk vi opplyst at naboane like vest for det planlagde kraftverket der, når vindretninga var «den rette», høyrde ganske godt lyden av Skjerdal kraftverk. Lyden kunne verke forstyrrande! Dette trass i at Skjerdal kraftverk ligg ca. 1,8 km unna, på andre sida av Høyfjorden. Avstanden frå eit eventuelt Kaldeelva kraftverk til dei som ferdast på den nordlege delen av Skilbreivatnet, og til dei som rastar/overnattar i nærleiken av stølen i Straumsbotnen, vil heile tida vere mindre enn 500 m. Med bakgrunn i erfaringane frå Hestenesøyra, skulle det vere heilt klårt at støyen frå Kaldeelva kraftverk vil verke som eit forstyrrande framandelement i dette fantastiske naturområdet, der dei einaste lydane vanlegvis er elvesus og lyden av fisk som hoppar. (Bortsett frå under hjortejakta!)

Verdien området har for friluftsliv, og konsekvensen av inngrepa, er etter vår vurdering undervurdert. Her dreiar det seg om inngrep i ein av inngangsportane til eit nasjonalt viktig friluftsområde. Vår vurdering er at **konsekvensen blir Middels–Stor negativ.**

3.15 Konsekvensar av alternative utbyggingsløyisingar: Viss den alternative utbyggingsløyisinga som er skissert, inklusive fjerning av den brygga som ein treng i anleggsfasen, skulle bli vald, vil terrenginngrepa i samband med kraftutbygginga bli betydeleg reduserte. Men i kraftstasjonsområdet vil inngrepa framleis bli betydelege, og støyproblema og INON-bortfallet blir det same! Ikkje bra!

3.17 Samla belastning: Bortsett frå inngangsportane via Straumsbotnen og Heifjellet, som begge vert påverka av eit eventuelt Kaldeelva kraftverk, trur vi faktisk at alle dei vanlege inngangsportane til Ålfotbreen landskapsvernområde i større eller mindre grad er påverka av kraftutbyggingsinngrep.

Vest for, og på nordsida av, landskapsvernområdet er inngangsportane til dels sterkt påverka av store kraftverk og omfattande reguleringar med reguleringshøgder på opptil 79,2 m. På sørsida av verneområdet er inngrepa mykje mindre, og utan reguleringsmagasin. I Grøndalen er det minikraftverk i begge dei vanlege inngangsportane, og i Sunndalen er det eitt minikraftverk. I Skordalen er vassføringa redusert som følge av at elva er overført til X-vatnet oppe ved Gjeignalundsbreen.

Sjølv om inngrepa i inngangsportane på sørsida ikkje er så store, meiner vi at det er viktig at det i framtida framleis vil finnast ein heilt inngrepsfri inngangsport til verneområdet. Vi går derfor sterkt mot bygging av Kaldeelva kraftverk.

Vi vil også peike på at det både i Hyen og i resten av Gloppen kommune til saman er bygd, gitt konsesjon til, og konsesjonssøkt, eit svært stort tal kraftverk, både store og små. Vi meiner at sumverknaden av alle desse utbyggingane vil verte altfor stor, og at nokre av dei 15 konsesjonssøknadane som no er på høyring, bør avslåast. **Av dei 7 omsøkte utbyggingane i Hyen, er Kaldeelva kraftverk den vi prioriterer høgst for avslag!**

Kommentarar til Avbøtande tiltak:

4.1 Minstevassføring: Viss utbygging, må minstevassføringa minimum settast til 5-persentil sommar og vinter. Av omsyn til landskap og friluftsliv, bør minstevassføringa om sommaren aukast, til dømes til den 5-persentil sommar som det vert operert med i Miljørapporten (194 l/s). Ettersom tala for 5-persentilane er sterkt sprikande i sjølve konsesjonssøknaden og i Miljøvurderinga, ber vi NVE – viss NVE skulle gje konsesjon - om å ta ei grundig vurdering av kva som er dei korrekte 5-persentilane.

I konsesjonssøknaden blir det hevda: «Det er ikke registrert verdifulle miljø av betydning for flora og fauna som er spesielt knyttet til elva. Det er en del fuktgivende lav- og mose langs elva, men ingen rødlistede arter. Kaldeelva er dessuten ikke fiskeførende. En samlet vurdering tilsier derfor at behovet for minstevannføring er relativt lite.»

Kommentar: Slik vi oppfattar det som står i Miljørapporten og konsesjonssøknaden, er delar av elvestrekninga truleg ikkje godt nok undersøkt. Det at verdifulle miljø ikkje er registrerte, er derfor ingen garanti for at slike miljø ikkje finst langs elva. Den etterundersøkinga av Biologisk mangfald-rapportar i småkraftsaker som NVE nyleg offentleggjorde, viste dette tydeleg.

Når det gjeld fisk, så er det all grunn til å tru at Kaldeelva er viktig for mattilgangen til fisken.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt mot bygging av Kaldeelva kraftverk, **og oppmodar NVE om å avslå søknaden.** Dette synet gjeld for **alle** utbyggingsalternativ. Grunnane til dette er mellom anna omsynet til:

- Landskapet, som etter vår meining er svært verdfullt og særprega, og gir store naturopplevingar både for dei som ferdast på fylkesvegen, og enda større for dei som ferdast på vatnet eller til fots i området i nærleiken den planlagde kraftstasjonen.
- Friluftslivet, både til fots, i båt, kano og kajakk, og av omsyn til fisket, som er viktig og godt.
- Sumverknadane av svært mange utbyggingar både i inngangsportane til Ålfotbreen landskapsvernområde, i Hyen, og i heile Gloppen kommune.
- Stort INON-bortfall, kulturminne, biologisk mangfald og reiseliv.

Andre ting som styrker synet vårt på at denne konsesjonssøknaden bør avslåast:

- Vi har fått opplyst at både noverande grunneigar, tidlegare grunneigar, og son til noverande grunneigar – 3 generasjonar – alle no går mot utbygging av Kaldeelva kraftverk. For oss er det spesielt gledeleg at vi er 100% einige med grunneigaren om ein slik konklusjon i ei slik sak. Dei legg, som oss, vekt på dei store naturverdiane i området. Vi gir dei vår fulle støtte!
- Gloppen kommune har gått mot denne utbygging. Frå vår side reknar vi Gloppen som ein av dei mest «utbyggingsvenlege» kommunane i Sogn og Fjordane. Når dei seier nei, er det all grunn til å «ta det på alvor»!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05/ 918 22 864, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)